



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Motsegn - kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune

Vi sender med dette til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sak om motsegn frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland til kommunedelplan for Sysendalen, Eidfjord kommune.

Statens vegvesen har følgjande motsegn til planen:

- Det er ikkje samsvar mellom framstilling av gang- og sykkelveg i plankartet og teiknforklaringa.
- Gang- og sykkelvegen er lagt utanom dagens rv. 7 på tre stader. Det er i dag ikkje midlar til omlegging av rv. 7 i Sysendalen. Både rv. 7 og gang- og sykkelvegen må følgje dagens trase for rv. 7 i kommunedelplanen.
- Gang- og sykkelvegen må vere i samband med parkeringsplassane og ikkje vere lagt utanom denne.
- Gang- og sykkelvegen må vere sikra gjennom rekkefølgjekrav i kommunedelplanen.
- Forholdet mellom kommunedelplanen og eldre arealplanar er ikkje tilfredsstillande.

Fylkesmannen i Hordaland har følgjande motsegn til planen:

- Planforslaget er i strid med friluftsliv og naturmangfald, særleg villrein og regional plan for Hardangervidda.
 - Punktet er også utforma slik i brevet vårt av 13.06.2017:
 - Planforslaget er i strid med friluftsverdiar og fleire naturmangfald som m.a. våtmarksområde med særst høge miljø- og landskapsverdiar og område for villrein. Særskilt har vi framheva som motsegn at planen er i strid med føresetnadene for plan for Hardangervidda, vedteken i tre fylkesting. Fylkesmannen finn at planen er i vesentleg strid med nasjonale interesser for villrein, landskap, friluftsliv og naturmangfald. Vi minner om at motsegna om naturmangfald og friluftsliv gjeld utover grensa for villrein og planen for Hardangervidda.
- Gang- og sykkelvegen må vere sikra gjennom rekkefølgjekrav i kommunedelplanen.
 - Det er oppfølging av motsegn for manglande avbøtande tiltak der ROS-analysen viser uakseptabel risiko for hendingar for trafikkbelastning på eksisterande veg.
- Planen er ikkje sikra mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.

I forbindelse med det første motsegnspunktet har Fylkesmannen også motsegn til at konsekvensutgreiinga ikkje er god nok. Vi har peika på det fleire gonger. Det er tatt inn meir tekst i planomtalen utan at vi kan sjå at det har resultert i betre vurderingar. Det er ein del av motsegna som framleis står.

Vi har gjennomgått motsegna vår i ei rekke brev og viser til korrespondansen i saka. For motsegna frå Statens vegvesen, viser vi til merknadane våre nedanfor, då denne motsegna ikkje er handsama av Eidfjord kommune.

Oversending av motsegnssaka til departementet

Eidfjord kommune har utarbeidd oversendingsbrev av 02.01.2018 til departementet med vedlegg. Brevet og vedlegga blir sendt i ordinær post pga. kartvedlegg i papir, og saman med nokre ytterlegare vedlegg frå oss.

I tillegg til dokumentasjon frå Eidfjord kommune, finn vi det nødvendig med følgjande vedlegg, kopi av:

- Brev av 11.02.2016 frå Statens vegvesen
- Brev av 27.05.2016 frå Eidfjord kommune
- Brev av 15.06.2016 frå Statens vegvesen
- Brev av 21.06.2016 frå Statens vegvesen
- E-post av 27.06.2016 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Brev av 04.07.2016 frå Eidfjord kommune
- Brev av 01.09.2016 frå Eidfjord kommune
- Notat av 11.12.2016 frå Fylkesmannen i Hordaland
- E-post av 27.02.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Brev av 13.06.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Brev av 16.06.2017 frå Statens vegvesen
- Brev av 11.09.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland med møtereferat
- E-post av 30.11.2017 frå vegvesenet og av 01.12.2017 frå Fylkesmannen
- Brev av 08.12.2017 frå Statens vegvesen
- Brev av 11.12.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland

Vi legg også fram for departementet som vedlegg:

- Brev av 24.05.2016 frå Hordaland fylkeskommune med fråsegn og melding om vedtak av 10.05.2016 samt innstilling frå fylkesrådmannen den 07.01.2016.
- Utskrift av planomtale med retningsliner for regional plan for Hardangervidda.

Ein finn også regional plan for Hardangervidda på nettsidene til dei tre fylkeskommunane som har vedtatt denne.

Proessen no – med m.a. ugyldig planvedtak i kommunen

Eidfjord kommune ved Eidfjord kommunestyre gjorde vedtak om godkjenning av kommunedelplanen den 18.12.2017. Kommunen starta slutthandsaminga utan å ta omsyn til eller vente på nødvendige merknader og avklåringar frå regionalt statsorgan. Kommunen har også lagt til grunn at det ikkje ligg føre motsegn frå Statens vegvesen.

Kommunen har med dette gjort same handsaminga som Eidfjord kommunestyre gjorde i same sak den 27.06.2016. Den gongen sa også Fylkesmannen i Hordaland klårt i frå at det var eit ugyldig planvedtak, sjå brevet vårt av 11.07.2016. Det er same grunn for å sjå på det siste planvedtaket i kommunen som delvis ugyldig.

Kommunen har ikkje handsama motsegna frå Statens vegvesen. Det gjer planvedtaket ugyldig for dei forholda som vegvesenet har motsegn til. Motsegnspunktet om rekkefølgekrav for å sikre gjennomføring av gang- og sykkelveg langs rv. 7 er samanfallande med motsegn frå Fylkesmannen. Denne er derfor omtalt i handsaminga av planen, men det synest som om kommunen ser motsegna vår som ei vidareføring av motsegna frå vegvesenet, sjå kommunen sitt brev av 02.01.2018, side 1 pkt. 2 og side 4 pkt. 2.

Vi ser det som sannsynleg at vi ville kunne ha løyst det vesentlege av motsegna frå Statens vegvesen gjennom mekling. Motsegna synast å vere egna for det. Men kommunen har ikkje gitt uttrykk for at ein vil ha vidare mekling. Kommunen synest å vere mest interessert i å få sendt saka over til departementet for endeleg avgjerd.

Vi har måtte nytte svært mykje tid for å rydde og avklære saka, både undervegs og no. Saka er ikkje ordinær. Fylkesmannen er sterkt kritisk til planprosessen, og det som han synest å ha ført til av innhald i planen. Kommunen har fatta vedtak og ville ha planen sendt vidare til departementet fleire gonger, der vi har sett planen som uferdig, mangelfullt utgreia, og med klare manglar. Vi ser det slik at kommunen har hatt eit stort hastverk som har gått utover både prosessen og innhaldet. Det har også ført til dobbeltarbeid både i kommunen og hos oss andre. Her kunne svært mykje tid ha blitt spart med ein betre planprosess. Vi viser m.a. til breva våre av 11.07.2016, notat av 11.12.2016 og brev av 13.06.2017 og brev av 16.06.2017 frå Statens vegvesen.

Det er også synet vårt på det planforslaget som no blir sendt til departementet. Det er i tillegg delvis ugyldig. Men vi finn ikkje lenger at vår planrettleiing overfor kommunen fører til noko betre resultat. Heile prosessen synest å vere styrt ut frå eit på førehand fastlagt resultat og ikkje ut frå kva som planlegginga viser. Vi sender derfor saka til departementet sjølv om vi ser at det er eit planvedtak med manglar, som er delvis ugyldig samt at deler av motsegna kunne ha blitt løyst ved mekling lokalt.

Vi har tilrådd løysingar på dei ulike motsegnspunkta. Vi vil også kunne bidra til å prøve å finne løysingar under handsaminga av saka i departementet, dersom departementet finn det ønskjeleg.

Forholdet kommunedelplan Sysendalen og reguleringsplan Eidfjord resort

Eidfjord kommune har vedtatt fleire større reguleringsplanar i Sysendalen. Desse har vore førande for arbeidet med kommunedelplanen. I stor grad er kommunedelplanen ei samansetting av reguleringsplanane i dalen. Nytt i kommunedelplanen er utviklinga av Eidfjord resort. Det har vore arbeidd med reguleringsplanen for Eidfjord resort samstundes som ein har utarbeidd kommunedelplanen. Vi viser til merknadane våre innleiingsvis på side 1 i brevet vårt av 28.04.2016. Det er også tema i fleire av breva våre og kontakten med både Eidfjord kommune og Statens vegvesen i saka.

På grunn av sammenhengen mellom kommunedelplanen og reguleringsplanen for Eidfjord resort sender vi også med dokument om Eidfjord resort som meklingsmøte i den saka.

Om det ligg føre motsegn frå Statens vegvesen.

Eidfjord kommune meiner at det ikkje ligg føre motsegn frå Statens vegvesen, sjå brev av 02.01.2018 midt på side 4. Det skal også vere kommunen sine merknader til at Fylkesmannen har motsegn til sikringstiltak som rekkefølgjekrav for gang- og sykkelveg langs rv 7. Kommunen hevdar på side 4 i sitt brev at det ikkje lenger ligg føre motsegn frå Statens vegvesen.

Slik som Eidfjord kommune handsamar og framstiller spørsmålet om motsegn frå Statens vegvesen, er det nødvendig å gå nærare igjennom temaet med dokumentgjennomgang og gjennomgang av det som kommunen viser til. Det synest som om Eidfjord kommune har lagt til grunn for vedtakinga av planen at det ikkje er motsegn frå Statens vegvesen. Vi finn at det ligg føre motsegn frå Statens vegvesen. På den bakgrunn må ein også vurdere om planvedtaket er gyldig.

Opphavelig motsegn frå vegvesenet.

Statens vegvesen hadde merknader innan høyringsfristen til kommunedelplanen, sjå brev av 11.02.2016 til Eidfjord kommune:

- Manglande utgreiing av trafikktalet (rv. 7). Statens vegvesen kunne ikkje gi nærare merknader/motsegn før trafikkprognosane låg føre.
- Tilrettelegging for mjuke trafikantar når ein veit trafikkprognosen.
- Byggegrensene langs rv 7.
- Føresegner om rekkefølgjekrav og utbyggingsavtaler for tilkomst, kryss, gang- og sykkelveg m.m.

Brevet av 11.02.2016 frå vegvesenet seier ikkje sjølv at merknadane er motsegn, men ordlyden er klår med forma «må» til kva som vegvesenet vil ha på plass. I tillegg foreslår også vegvesenet i brevet eit møte for drøfting av desse punkta. Det siste tek vegvesenet også oppatt i brev av 15.06.2016 og 21.06.2016 til kommunen. Brevet av 11.02.2016 var retta til Eidfjord kommune med kopi til m.a. Fylkesmannen i Hordaland. Det synest som om brevet først ikkje blei handsama som ei motsegn, sjølv om det i ettertid er lett å sjå at det i si form i røynda er det. Vi kan ikkje sjå bort frå at her var misforståingar knytte til prosessane med samordning av statlege motsegn og dialogmøte. I alle tilfelle gjer Statens vegvesen det klart i brevet sitt av 21.06.2016 at det er tale om motsegn og at ein hadde venta både på nærare utgreiingar for å kunne ta standpunkt til planforslaget samt på møte som ein har bedt om fleire gonger.

Fylkesmannen legg til grunn at Statens vegvesen har fremja motsegn med det innhaldet som er nemnt ovanfor. I tillegg hadde Fylkesmannen i Hordaland i det vesentlege samanfallande motsegn med vegvesenet, sjå brevet vårt av 28.04.2016 midt på side 4. Fylkesmannen meiner at ein blei samde om at det låg føre motsegn frå Statens vegvesen og at desse måtte handsamast, sjå brev av 05.10.2016 frå Fylkesmannen om møte den 22.09.2016 mellom Eidfjord kommune, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland.

I brev av 02.01.2018 seier Eidfjord kommune at ein meiner at Fylkesmannen har avvist motsegna frå Statens vegvesen, eventuelt at vegvesenet sjølv har trekt motsegna. Kommunen seier ikkje at det ikkje låg føre ei motsegn. Det synest kommunen å ha akseptert.

Slik som kommunen framstiller det i brev av 02.01.2018, presiserer vi at Statens vegvesen hadde motsegn til planforslaget, og at Fylkesmannen ikkje har avvist ho. Vi må forstå kommunen slik at ein der meiner at Fylkesmannen har avvist motsegna allereie tidleg i prosessen. Vi er meir enn undrande til ein slik påstand. Fylkesmannen har ikkje gjort noko vedtak om å trekke motsegna, eller på anna måte gitt uttrykk for det. Tvert i mot har vi presisert overfor Eidfjord kommunen gjentatte gonger at vegvesenet hadde og har motsegn til planen. Vi tek det opp i brevet vårt av 11.07.2016, der motsegna frå vegvesenet også er eit grunnlag for at vi ser planvedtak i kommunen som ugyldig. Motsegna frå vegvesenet blei handsama i møte den 22.09.2016, sjå brevet vårt av 05.10.2016, der både vegvesenet og Fylkesmannen presiserte at det låg føre motsegn frå vegvesenet. Det var derfor avtalt ytterlegare kontakt direkte mellom kommunen og vegvesenet. Vidare er motsegna frå vegvesenet vist til gjentatte gonger i brevet vårt av 13.06.2017 der vi også etterlyser resultata av kontakten mellom vegvesenet og kommunen. Til sist omtalar og presiserer vi motsegna frå vegvesenet i brevet vårt av 11.12.2017 til Eidfjord kommune. Korleis kommunen då i framstillinga i brev av 02.01.2018 kan seie at Fylkesmannen har avvist motsegna frå vegvesenet, er meir enn ei gåte.

På møtet den 22.09.2016 var det semje om at kommunen og vegvesenet skulle avklåre og søke å løyse motsegnspunkta i eigne møte. Fylkesmannen blei orientert om resultata som kjem fram i brev til Fylkesmannen. Det går fram av brev av 17.03.2017 og 16.06.2017 frå vegvesenet til Fylkesmannen samt av e-post korrespondanse at det står att motsegn mot føresegna pkt. 8.3.1. Kommunen viser også til møterferat som gjeld motsegn til reguleringsplanen for Eidfjord resort, ikkje kommunedelplanen, men der vegvesenet også viser til at reguleringsplanen ikkje følgjer opp kommunedelplanen godt nok. Kommunen meiner at den no har tatt til følgje denne motsegna og retta føresegna, slik at det ikkje er grunnlag for motsegna. Vi viser til innhaldet i brevet vårt av 13.06.2017 om framstillinga frå kommunen om handsaminga av motsegna frå vegvesenet. Det kan ein sjå m.a. nedst på side 2 i brevet, som er skreve etter dei tidspunkta der kommunen meinte at det var samde om føresegna for dette motsegnspunktet. For ordens skyld gjer vi også merksam på at Fylkesmannen framleis har samanfallande motsegn.

Fylkesmannen er ikkje samd i kommunen si framstilling av det. Vi ser ikkje grunnlaget for framstillinga frå kommunen og går igjennom forholdet nedanfor.

Ytterlegare motsegn frå Statens vegvesen

Samstundes som kommunen handsama kommunedelplanen for Sysendalen handsama kommunen også reguleringsplan for Eidfjord resort som er innanfor og ein del av kommunedelplanen. Det er også motsegn frå Fylkesmannen og Statens vegvesen til reguleringsplanen. Det var meklingsmøte for motsegna til reguleringsplanen den 30.08.2017, sjå referat ved brevet vårt av 11.09.2017.

Statens vegvesen har motsegn til reguleringsplanen m.a. om manglande innregulert gang- og sykkelveg langs rv 7. Fylkesmannen har same motsegn til kommunedelplanen som ein del av motsegna til ROS. I meklingsmøtet den 30.08.2017 blei kommunen, vegvesenet og Fylkesmannen samde om følgjande, sjå brevet vårt av 11.09.2018 pkt. 4 midt på side 3:

«Konklusjon:

Kommunen og vegvesenet blei samde om at spørsmålet om gang- /sykkelveg langs Rv7 blir vurdert for kommunedelplanen og trekt ut av diskusjonen om reguleringsplanen. Ein må uansett reguleringsplanløysinga sjå på trafikktryggleiken i kommunedelplanen og finne svar på

den uakseptable risikoen der. Ein var samde om å sette av tilstrekkeleg areal langs riksvegen for gang- /sykkelveg.»

Eidfjord kommune la deretter ut kommunedelplanen på ny avgrensa høyring der kommunen foreslo endringar. Både Statens vegvesen og Fylkesmannen har motsegn til planforslaget med endringane, sjå brev av 30.11.2017 frå Fylkesmannen og brev av 08.12.2017 frå Statens vegvesen. Vegvesenet fremma følgjande motsegn:

- Det er ikkje samsvar mellom framstilling av gang- og sykkelveg i plankartet og teiknforklaringa.
- Gang- og sykkelvegen er lagt utanom dagens rv. 7 på tre stader. Det er i dag ikkje midlar til omlegging av rv. 7 i Sysendalen. Både rv. 7 og gang- og sykkelvegen må følgje dagens trase for rv. 7 i kommunedelplanen.
- Gang- og sykkelvegen må vere i samband med parkeringsplassane og ikkje vere lagt utanom denne.
- Gang- og sykkelvegen må vere sikra gjennom rekkefølgjekrav i kommunedelplanen.

For ordens skyld er motsegna frå vegvesenet også tatt opp i brevet vårt av 11.12.2017 til Eidfjord kommune. Det siste motsegnspunktet er også samanfallande med motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland.

Eidfjord kommune tar ikkje med desse motsegnenei brevet sitt av 02.01.2018 utan at vi kan sjå kvifor det ikkje er gjort. Sjølv om det ikkje er sagt noko om det, går vi igjennom forholda rundt motsegna for å presisere at det er ei gyldig motsegn. Eidfjord kommune gav uttalefrist på den avgrensa høyringa til 04.12.2017. Men Statens vegvesen opplyste i e-post av 30.04.2017 til kommunen at ein ikkje kunne svare før 12.12.2018 pga. trong for drøfting av saka med Fylkesmannen og sakshandsamar sitt fråvær der. Kommunen fann ikkje å kunne gi fristutsetting. Men motsegna er fremma tidlegare; det er tale om ei fortsetting av dialogen mellom partane for å finne ei løysing på allereie eksisterande motsegn. Dette er forslag frå kommunen til løysing. Forslaget tar ikkje bort motsegna, men gir også grunnlag for nye. Det vesentlege er at dette har sitt utspring i eksisterande motsegn. Vi forstår at kommunen vil ha svar innan ei viss tid for at ikkje saka skal trekke ut. Men oversitting av den fristen får inga formelle følgjer. I tillegg kom svaret så kort tid deretter at det er fullt ut akseptabelt.

Vi kan ikkje sjå at Eidfjord kommune har synt til eller tatt omsyn til motsegna som Statens vegvesen fremmer i brev av 08.12.2017, slik som Fylkesmannen også presiserer det i brevet vårt av 11.12.2017.

Det ligg etter dette føre følgjande motsegn frå Statens vegvesen til kommunedelplanen:

- Det er ikkje samsvar mellom framstilling av gang- og sykkelveg i plankartet og teiknforklaringa.
- Gang- og sykkelvegen er lagt utanom dagens rv. 7 på tre stader. Det er i dag ikkje midlar til omlegging av rv. 7 i Sysendalen. Både rv. 7 og gang- og sykkelvegen må følgje dagens trase for rv. 7 i kommunedelplanen. Gang- og sykkelvegen følgjer ikkje tett nok til dagens trase for rv. 7.
- Gang- og sykkelvegen må vere i samband med parkeringsplassane og ikkje vere lagt utanom denne.
- Gang- og sykkelvegen må vere sikra gjennom rekkefølgjekrav i kommunedelplanen.
- Forholdet mellom kommunedelplanen og eldre arealplanar er ikkje tilfredsstillande.

Motsegn knytt til gang- og sykkelveg langs rv 7.
Statens vegvesen har m.a. følgjande motsegn:

«Gs-vegen er på 3 strekkjer lagt utanfor dagens Rv. 7. Her er også teikna inn omlegging av riksvegen. Statens vegvesen har pr i dag ingen midlar til omlegging av Rv. 7 i Sysendalen. Me ser heller ikkje i framlegg til Nasjonal Transportplan med handlingsprogram 2018-2023 (2029) at dette er prioritert i nær framtid. Både riksvegen og langsgåande gs-veg må leggjast attende til der Rv. 7 går i dag.»

I alle forslaga til plankart synest rv. 7 å følgje same trase. Vi kan ikkje sjå at det er nytt i den avgrensa høyringa hausten 2017 og vurderer derfor at motsegna skuldast manglande midlar til omlegging av rv. 7. Vi forstår det slik at hovudpoenget for Statens vegvesen er at gang- og sykkelvegen følgjer langs og relativt tett på rv. 7 for å sikre at ein nyttar gang- og sykkelvegen. Det same forstår vi som poenget med motsegna for å sikre sambandet mellom gang- og sykkelvegen og areal avsett til parkering. Vi forstår også kommunen slik at ein forsøker å følgje opp ønsket frå Statens vegvesen med å ta inn gang- og sykkelvegen i kommunedelplanen, og at den skal leggast langs riksvegen. Vi finn det sannsynleg at motsegna kan la seg løyse ved at endringane for rv. 7 blir tatt ut av kommunedelplanen og gang- og sykkelvegen følgjer noverande riksveg. Fylkesmannen tilrår den løysinga for motsegna. Vi ber også både vegvesenet og kommunen om å uttale seg til denne løysinga no, som eit ledd i sakshandsaminga for departementet.

Ugyldig planvedtak om plassering av gang- og sykkelvegen.

Eidfjord kommune har nok ein gong tatt kommunedelplanen opp til vedtak i kommunestyret utan å vente på merknader eller motsegn frå regional statleg instans. Eksisterande motsegn frå Statens vegvesen var i prosess. Det var klart at vegvesenet trengte noko meir tid til å svare på planforslaget. Eidfjord kommune valde nok ein gong å ikkje vente på uttalen, men gjorde vedtak utan at uttalen låg føre og heller ikkje blei handsama. Det er sama feilen som kommunen har gjort tidlegare i same sak, sjå vårt brev av 05.10.2016. Vi kan ikkje sjå anna enn at vedtaket om å leggje gang- og sykkelvegen i den traseen som er vedtatt, er ugyldig etter uttalen og motsegna frå Statens vegvesen og manglande handsaming av motsegna.

Rekkefølgjekrav for å sikre bygging av gang- og sykkelvegen langs rv. 7

Det er motsegn frå både Statens vegvesen og Fylkesmannen til at gang- og sykkelvegen ikkje er tilstrekkeleg sikra med rekkefølgjekrav i føresegna. Kommunen meiner at det er tilstrekkeleg å seie at ein skal vurdere tiltak for å sikre mjuke trafikkantar, sjå føresegna pkt. 2.6.3 og pkt. 2.6.5. Vidare seier kommunen i innstilling til planvedtaket:

«Rådmannen meiner det er vanskeleg, og vil kunna medføra dispensasjonar, for handsaming av detaljplanar dersom det skal følgja eit absolutt rekkefølgjekrav til alle framtidige detaljplanar om gang-/sykkelveg. Kommuneplanen skal vera overordna og sette rårer for detaljplanlegging.»

Fylkesmannen er ikkje samd i det. Kravet til gang- og sykkelveg gjelder for etablering av Eidfjord Resort. I meklingsmøte for reguleringsplanen Eidfjord report den 30.08.2017 var det semje om å handsame spørsmålet om gang- og sykkelveg i kommunedelplanen, sjå brevet vårt av 11.09.2017 på side 3 under pkt. 4:

«Konklusjon:

Kommunen og vegvesenet blei samde om at spørsmålet om gang- /sykkelveg langs Rv7 blir vurdert for kommunedelplanen og trekt ut av diskusjonen om reguleringsplanen. Ein må uansett reguleringsplanløysinga sjå på trafikktryggleiken i kommunedelplanen og finne svar på den uakseptable risikoen der. Ein var samde om å sette av tilstrekkeleg areal langs riksvegen for gang- /sykkelveg.»

Det er klår samanheng med det tiltaket. Kommunen sin måte å utvatne kravet til sikrings-tiltaket med gang- og sykkelveg er uakseptabelt. Fylkesmannen er klår i tilrådinga vår om motsegna om at føresegna må sikre bygging av gang- og sykkelvegen.

Tilhøvet mellom kommunedelplanen og eldre reguleringsplanar.

Eidfjord kommune har revidert kva for eldre reguleringsplanar som skal gjelde uendra. No er tre reguleringsplanar i «omsynssone der reguleringsplan og bebyggelsesplan fortsatt skal gjelda», sjå føresegna pkt. 8.3. Kommunen meiner å ha følgd opp motsegna med å ha føresegner om at desse eldre reguleringsplanane ikkje skal vere i motstrid med og bli supplert med kommunedelplanen, sjå innhaldet i pkt. 8.3.

I e-post av 27.02.2017 frå Fylkesmannen er det uttrykkeleg presisert at reguleringsplanane ikkje kan visast som slik omsynssone og at dei skal gjelde vidare uendra. Vi har gitt råd om korleis kommunen kan utforme føresegna, men utan at det er i ei slik omsynssone.

Slik som kommunen no har gjort det, er det motstrid mellom innhaldet i omsynssona og føresegna som er knytt til omsynssona. Vi kan ikkje sjå anna enn at det er ein motstrid som vil gjere enten fastsettinga av omsynssona eller føresegna ugyldig. Fylkesmannen tilrår ovanfor departementet at omsynssona blir gjort om til juridisk føresegnssone.

Regional plan for Hardangervidda.

Fylkesmannen i Hordaland har følgende motsegn:

- Planforslaget er i strid med friluftsliv og naturmangfald, særleg villrein og regional plan for Hardangervidda.
 - Punktet er også utforma slik i brevet vårt av 13.06.2017:
 - Planforslaget er i strid med friluftsverdiar og fleire naturmangfald som m.a. våtmarksområde med sær høge miljø- og landskapsverdiar og område for villrein. Særskilt har vi framheva som motsegn at planen er i strid med føresetnadene for plan for Hardangervidda, vedteken i tre fylkesting. Fylkesmannen finn at planen er i vesentleg strid med nasjonale interesser for villrein, landskap, friluftsliv og naturmangfald
 - Vi minner om at motsegna om naturmangfald og friluftsliv gjeld utover grensa for villrein og planen for Hardangervidda.

Regional plan for Hardangervidda er ein fylkesdelplan for tre fylke, Buskerud, Hordaland og Telemark, utarbeidd i fellesskap etter oppdrag frå Miljøverndepartementet. Departementet skriv i oppdragsbrevet av 12.04.2007 følgjande om bakgrunnen for oppdraget og planarbeidet:

”Det er en overordnet nasjonal målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområder for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som nærings-

grunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre. Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer.

.....

Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder. De vil være retningsgivende for kommunal planlegging og gi føringer for statlig og fylkeskommunal sektorplanlegging. Planene vil være et ledd i oppfølging av regjeringens samlede politikk for fjellområdene.”

Det er klart at kommunedelplanen er i strid med den regionale planen for Hardangervidda (Hardangerviddaplanen). Fylkesmannen meiner også at kommunedelplanen bryt med desse overordna prinsippa for forvaltninga av Hardangervidda. Vi orienterer om at Eidfjord kommune tidlegare ikkje har lagt inn Hardangerviddaplanen i kommuneplanen. Det skjer no ved kommunedelplan for Sysendalen.

I Hardangerviddaplanen er det berre sone G, nedst i Sysendalen, som opnar for alpinanlegg og reiselivsbygg som fritidsbustader, hotell m.m. I forslaget til kommunedelplan strekkjer desse formåla seg inn i både sone C, fjell og anna utmark, og B, nasjonalt villreinområde (omsynssone villrein). Det er særleg alpinanlegget som er i strid med Hardangerviddaplanen og prinsippa for denne. Sone B som er ein del av det nasjonale villreinområdet er det berre tillate med mindre, klart definerte og avgrensa tiltak. Korkje i sone B eller C skal det tillatast ny fritidsbusetnad eller tiltak som alpinanlegg. Vi viser til framstilling av sonene i planskildringa for regional plan for Hardangervidda, sjå side 44 – 45 og retningslinene under § 3, særskilte retningslinjer for ulike arealformål, s. 50 følgjande.

Hordaland fylkeskommune ved utval for kultur, idrett og regional utvikling har den 10.05.2016 gjort vedtak om å kunne tilrå planen trass i at ein legg til grunn at planen er i strid med Hardangerviddaplanen, sjå brev av 24.05.2016 frå Hordaland fylkeskommune til Eidfjord kommune samt brev av 02.01.2018 frå kommunen, øvst på side 3.

Hardangerviddaplanen er ein regional plan som omfattar areal i tre fylke. For at planen skal kunne vise kva ein kan halde seg til, vere førande for alle med interesser i områda og ikkje bli uthola, er det særdeles viktig å halde seg til det planen seier denne går inn i tre fylke og er underlagt politisk styring i tre fylke. Ved å gi etter for utbyggingspress nokre stader utan ein heilskapleg planvurdering, skaper ein presedensverknader der det er umogleg å sjå sluttresultatet. Det synest også å vere ei hovudline i framstillinga frå administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. Administrasjonen i fylkeskommunen hadde innstilling om motsegn til å fråvike Hardangerviddaplanen, men administrasjonen fekk ikkje uttale seg til det som blei lagt fram for politisk utval i fylket, sjå brevet vårt av 05.10.2016 side 2 tredje heile avsnitt.

Hordaland fylkeskommune ved administrasjonen seier i saksutgreiinga si på side 12 m.a. at:

«Regional plan for Hardangervidda 2011-2025 er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Hordaland, Buskerud og Telemark. Brot med regional plan vil uthole planen som eit felles styringsverktøy, og reiser dermed prinsipielle spørsmål. Den regionale planen skal etter all

sannsynlegheit rullerast. Grensa for det nasjonale villreinområdet, og moglegheiter for å endre denne, da kan vurderast i ein større samanheng.

Handlingsprogrammet inneheld strategiar og retningsliner for forvaltning av villreinen sine leveområde og for friluftsliv, fritidsbusetnad og reiseliv. Plankartet og retningslinjene er retningsgjevande for vidare kommunal planlegging. I handlingsprogrammet er lagt opp til at føringane skal innarbeidast ved første rullering av arealdelen av kommuneplan/kommunedelplan i kvar enkelt kommune. Føringane er ikkje lagt inn i forslaget til ny kommunedelplan for Sysendalen.»

Fylkesmannen er samd i dette. Vi peikar på at med det politiske vedtaket av 10.05.2016, som er vist til tidlegare, har Hordaland fylkeskommune ikkje halde seg til eigen plan ved den første kommuneplanrevisjon i Eidfjord kommune.

Når det gjeld dei relevante områda, gjeld saka om omsyna og prinsippet om korleis fylkeskommunane og kommunane skal halde seg til regionale fylkesplanar som gjeld fleire fylke. Vi har m.a. merka oss at Eidfjord kommune legg vekt på at Hardangerplanen ikkje har juridisk bindande føresegn, men retningsliner. Vidare gir kommunen uttrykk for at området ikkje er fast nok fastsett. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er ein haldbar måte å sjå på ein plan for fleire fylke og der planen skal ta opp i seg og vidareføre nasjonale og internasjonale omsyn.

Vi viser elles til det vi har lagt vekt på i brev i saka og vil komme nærare tilbake til det i møte knytt til synfaring i saka.

Sluttmerknad

Fylkesmannen står som vanleg til teneste for eventuell ytterlegare opplysning av saka. Vi kan også prøve å få ytterlegare klargjort og eventuelt avgjort motsegn som ikkje er handsama i saka til no. Vi ber i så fall om tilbakemelding frå departementet på om det der ønskjeleg, eller om departementet sjølv vil ta det opp i sin handsaming.

Vi reknar med at det vil vere synfaring i saka og kjem tilbake i saka då.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord